

Kick-off 30.september 2021 - Digitalt utanforskap
Quality Hotel Edvard Grieg, Sandslåsen 50

e-helse Vestland v/ Annette Eri Norevik

Kari E. Bjørkheim, Prosjektleder for E-helse Vestland opna møtet og fortalde om satsinga i Vestland.

Eldreombod Bente Lund Jacobsen fortalde om rolla si som pådrivar og vaktbikkje for å hindre det digitale utanforskapet.

Arne Halaas frå Pensjonistforbundet fortalde om deira arbeide med å freista å demme opp for det digitale utenforskapet.

Vaksdal kommune beskrev prosessane for førebuingane til sitt prosjekt for digital opplæring av eldre i sin kommune. Fyrste kurset starta i september.

I Bjørnafjorden kommune har dei to prosjekt for dataopplæring av eldre. Det eine vert styrt av kommunen sine tilsette og gjennomførast i samarbeide med Frivilligsentralen og Eldrerådet. Det er elevar frå Gymnaset og Yrkesskulen som gjennomfører sjølve opplæringa med 1 til 1 undervisning der dei eldre styrer innhald og tempo. Kvar «elev» får tildelt 45 minutt opplæring med sin lærar, og dei kan teikne seg på så mange kurstimar dei ynskjer. Det er sett av to kurskveldar i veka fram til jul, på tirs dagar på Os Eldresenter og tors dagar på Biblioteket. Kursa er gratis for deltakarane.

Det andre kurset kalla «Framsynt» er initiert av Eldrerådet og gjennomførast av Os Yrkesskule. Hovedlærar Maria Tveit presenterte kursopplegget saman med fire av elevane som har delteke i opplæringa av gruppene av eldre som deltok. Sjå vedlagte foilar.

Etter lunsj fekk vi ta del i korleis Samuel Massie og bestefar Arne Ulvolden opplever den Digitale revolusjon; ein morosam og tankevekkande time.

Tone Skår frå Norwegian Smart Care Cluster orienterte om kva gjer næringslivet for å motverke digitalt utanforskap.

Dagen vart avslutta med paneldebatt, dyktig leia av Nard Schreurs, leiar for EHiN. Silje Edvardsdal Thon frå Norges Blindforbund beskrev på ein gripande måte korleis blinde og svaksynte opplevde digitalt utanforskap, og utfordringar vi med synet i behald ikkje tenker over i kvardagen. Ho var likevel optimistisk, for den digitale revolusjonen har på mange måtar gjort kvardagen enklare. Det går rett veg.

I panelet forøvrig sat Tone Skår frå Norwegian Smart Care Cluster, Stian Lavik som er politkar for Alver KRF og Annette Eri Norevik som er prosjektkoordinator i E-helse Vestland. Som representant for Fylkeseldrerådet i Vestland beskrev eg kort korleis den «digitale» kvardagen såg ut på 50- og 60-talet for å gje ein bakgrunn for at mange av dei eldre ikkje er fortrulege med mykje av dagens digitale kvardag.

Eg peika også to store utfordringar som må løysast for å hindra digitalt utenforskap:

1. Mobildekning og breiband må være tilgjengeleg i heile landet, ikkje berre i om lag 90% dekning i landet som er kravet Telenor, Telia og ICE må forholde seg til. Det er

også, etter mitt syn, svært uheldig at dei tre store ikkje kan samarbeida om dekninga i staden for t alle tre kjempar om kundane der kundemassen er størst.

2. Den andre utfordringa er pris. Det er mange, kanskje spesielt einslege minstepensjonistar som ikkje ser seg råd til å halda seg oppdatert på tilstrekkeleg moderne smarttelefon og eller nettbrett. Her burde det utarbeidast målretta stønader.

I mine innlegg understreka eg også sterkt kor viktig det er å ufarleggjera den digitale verde, og å fokusere på alle mogelegheitene som opnar seg når ein kjem på nett og lærer seg å bruke smarttelefon og nettbrett. Eg avslutta mine innlegg med å understreke at for å løfta eldre ut av digitalt utenforskap er det av avgjerande betydning at opplæringa skjer i trygge omgjevnader, 1 til 1 i den eldre sitt eige tempo, med tilstrekkeleg mange repetisjonar. Kombiner gjerne med lågtterskeltilbod der dei eldre kan stikke innom og får hjelp der og då med mindre digitale utfordringar.

Takk for at eg fekk lov til å representere Fylkeseldrerådet i Vestland.

Os, den 5.oktober 2021

Bjørn Sivertsen